



## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
040/22	Utval for miljø og samfunnsutvikling	08.12.2022
057/22	Kommunestyret	14.12.2022

<b>Sakshandsamar:</b> Monika Lysne	<b>Arkiv:</b>	<b>Arkivsaksnr.:</b> 22/636 - 7
------------------------------------	---------------	------------------------------------

### Nasjonal Turistveg Aurlandsfjellet, stoppeplass Røyrnes - oppstart av planarbeid

#### Kort samandrag:

Nasjonale Turistvegar har sendt planinitiativ til kommunen for å starte opp planarbeid for etablering av nytt stoppepunkt/rasteplass langs turistveg Aurlandsfjellet på Røyrnes.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret stiller seg positive til at det vert starta planarbeid for Detaljregulering for Røyrnes rasteplass i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8, og har følgjande innspel til planarbeidet:

- Det vert understreka at det er viktig å få etablert toaetlløysing og god boshandtering på rasteplassen i samband med tilrettelegging til rasteplass.
- Det bør setjast av areal til informasjonsskilt med kart som syner serverings- og overnattingsstadar og tømmeasjon for bubilar i kommunen.
- Det bør leggjast til rette for at syklistar kan passere rasteplassen utan å bli pressa ut i køyrebana i svingen.

**08.12.2022 Utval for miljø og samfunnsutvikling**

**Røysting:**

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

**UMS - 040/22 Vedtak**

Kommunestyret stiller seg positive til at det vert starta planarbeid for Detaljregulering for Røyernes rasteplass i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8, og har følgjande innspel til planarbeidet:

- Det vert understreka at det er viktig å få etablert toalettløysing og god boshandtering på rasteplassen i samband med tilrettelegging til rasteplass.
- Det bør setjast av areal til informasjonsskilt med kart som syner serverings- og overnattingsstadar og tømmestasjon for bubilar i kommunen.
- Det bør leggjast til rette for at syklistar kan passere rasteplassen utan å bli pressa ut i køyrebana i svingen.

**14.12.2022 Kommunestyret**

Tilleggsframlegg om opphaldstid på rasteplass, foreslått av Olav Grøttebø, Det norske Arbeiderparti

Opphaldstid på rasteplass for køyretøy bør regulerast for å auke tilgjenge for fleire, samt markere at det ikkje er ein plass for camping/overnatting.

**Handsaming i møtet****Røysting:**

Tilrådinga frå Utval for miljø og samfunnsutvikling med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

**KS - 057/22 Vedtak**

Kommunestyret stiller seg positive til at det vert starta planarbeid for Detaljregulering for Røyernes rasteplass i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8, og har følgjande innspel til planarbeidet:

- Det vert understreka at det er viktig å få etablert toalettløysing og god boshandtering på rasteplassen i samband med tilrettelegging til rasteplass.
- Det bør setjast av areal til informasjonsskilt med kart som syner serverings- og overnattingsstadar og tømmestasjon for bubilar i kommunen.
- Det bør leggjast til rette for at syklistar kan passere rasteplassen utan å bli pressa ut i køyrebana i svingen.
- Opphaldstid på rasteplass for køyretøy bør regulerast for å auke tilgjenge for fleire, samt markere at det ikkje er ein plass for camping/overnatting.

## Relevante dokument i saka

### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.


Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8.

### Saksutgreiing

Asplan Viak AS har på vegne av Nasjonale Turistvegar, fremja planinitiativ for Detaljregulering av Røytneset rasteplass, Gbnr. 33/13 og 29/134, i Lærdal kommune. Rasteplassen ligg langs Fv. 5627, like aust for Erdal. I planinitiativet kjem det fram at rasteplassen skal framstå som eit attraktivt område der trafikantane blir motivert til å stoppe, og der dei kan få dekkja behova sine for rekreasjon og kvile. Føremålet med planarbeidet er difor å gjere rasteplassen sikrere (regulere avkøyring), tilby toalett og øvrige fasilitetar for alle trafikantar på denne turistvegstrekkka. Området er sett av som LNFR-føremål i framlegg til kommuneplanen sin arealdel 2022 – 2034, Lærdal kommune. Området er ikkje omfatta av reguleringsplan eller sett av til framtidig vegføremål, og det vert difor krav til reguleringsplan for å sikre gode trafikale løysingar, og handtering av byggjeforbod i strandsona.

I planinitiativet kjem det fram at planframlegget skal leggje til rette for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur med vegareal, fortau, parkeringsplass og rasteplass, grønstruktur, friområde med badeplass, samt friluftsområde i strandsona., samt anlegg knytt til vatn og avløp i samanheng med toalettfasilitet.

Kartet nedanfor syner planområdet slik det kjem fram i Planinitiativet. Planavgrensinga fylgjer eigedomsgrensa 33/13 og 29/134, på sørsida av Fv. 5627 og strekk seg ut i strandlinja for å avklare arealbruken. Avgrensinga tek med noko areal langs fylkesvegen for å sikre tilstrekkeleg areal til siktliner. Storleiken på planområdet med planavgrensing som vist nedanfor er på om lag 18,6 daa.



*Framlegg til planområdet er markert med svart strek. Stipla strek syner mogleg utviding av planarvgrønsinga.*

Det vert elles vist til vedlagde Planinitiativ for meir utfyllande informasjon om planområdet og skisserte planar for rasteplassen.

Det har vore oppstartsmøte for planarbeidet med tiltakshavar og kommunen, referat er vedlagd.

### **Økonomiske konsekvensar**

Ingen

### **Vurdering**

Administrasjonen er positiv til at det vert starta reguleringsplanprosess for å leggje til rette for ein attraktiv rasteplass på Røyernes. Det har vore jobba med dette ved fleire høve tidlegare, og kommunen har tidlegare fått presentert to ulike arkitektteikna skisseprosjekt for ny tilrettelagd rasteplass på Røyernes. Det har og tidlegare vore lagt vekt på at rasteplassen skal ha gode trafikale løysingar, ha boshandtering og tilrettelegging for bading. Det har vore usemje mellom turistvegprosjektet og kommunen om behovet for toalettløysing, der kommunen tidlegare har vore bestemt på at det må leggjast tilrette for gode toalettløysingar på området, då dette er mangelfullt i dag på denne strekninga, og fører til forsøpling av nærområdet. Rasteplassen på Røyernes er allereie svært populær gjennom sommaren for spesielt bubilar, men og for andre campingturistar med telt, hengekøye eller campigvogn utan toalett. Det er administrasjonen sitt inntrykk at det no er semje om at det er behov for å leggje til rette for toalettløysing, men dette er avhengig av tilgang på vatn og liknande. Det bør understrekast viktigheita av areal til gode toalettløysingar og informasjonsskilting. D

Fylkesvegen utover forbi Erdal er mykje brukt sykkelveg, både av turistar og innbyggjarar. Det er viktig at ein legg til rette for god og trygg passering for syklande forbi rasteplassen, slik at ein unngår at det ved murar eller anna fører til at syklande må ut i vegbana i svingen forbi Røyernes.